



Uskedal Oppvekstsenter og kva som bør skje der kjem sikkert til å vera i fokus under valmøtet på Helgheim. Dette biletet er frå fjerdeklassen i siste skuleår. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lokalavisene Grenda og Kvinnheringen skal halda valmøter i Rosendal tysdag 21. august og på Husnes måndag 27. august, men det er i Uskedalen det blir sett punktum for dei opne møta framfor valet: Her skal det haldast valmøte tysdag 4. september –det vil seie ei knapp veka før valet.



Uskedal-kandidat: Gunn Mari Moberg, Høyre

Møtet blir i Helgheim og Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling står som tilskipar. Prosjektleiari Kristian Bringedal blir møteleiari og møtet blir sterkt lokalretta, presiserer arrangørane.

Naturleg nok er alle dei 11 partia som stiller lister ved valet inviterte til å stilla



Uskedal-kandidat: Bjarne Lilleaas,
Venstre

med ein kandidat i panelet. Det bør ikkje vera noko problem i Uskedalen, som imponerande nok har 37 kandidatar på listene!



Uskedal-kandidat: Jostein Grov,
Sosialistisk Venstreparti

Fordi det er så mange lister må møtet på Helgheim bli prega av ein svært stram regi. Difor får kvart parti berre tre minutter i starten for å presentere programma sine. Deretter blir det drøfting, ordskilde og spørsmål frå dei framømte.



Uskedal-kandidat: Tove Lill Lakselv,
Framstegspartiet

I invitasjonen til partia varslar arrangørane at dei vil ha særleg fokus på skule/barnehage, bustadbyggjing, industrifeltet Børneset, næringsutvikling, friområde og friluftsliv, kultur og turisme, sentrumstiltak, trafikksikring og eldrepolitikk.

Det er grunn til å tru at dei av politikarane som bokstaveleg tala kjem for langt ut i geografien vil bli leia inn på rett spor att og bede om å konsentrera seg om dette spørsmålet: Kva vil skje i Uskedalen dei næraste fire åra hvis ditt parti får styra?

Det kan bli eit spanande møte.

Av Ola Matti Mathisen